



NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Landbruks- og Matdepartementet

Oslo 11.05.2017

Rapport for prosjektet "Slipp oss til - ungdom inn i landbruket" 2016

Prosjektet "Slipp oss til - ungdom inn i landbruket" har som føremål å auke busetjinga på bygdene, med utgangspunkt i ledige gardsbruk og småbruk. Dette arbeidet har me gjennomført mellom anna med gratis annonsering av ledige gardsbruk på nettsida gardsbruk.no.

Vedlagt følger rapport og rekneskap for aktivitetar i prosjektet i 2016.

Med beste helsing

John Petter Løvstad
Assisterande generalsekretær

Gaute Eiterjord
Prosjektleder

Bakgrunn

Prosjektet "Slipp oss til" – ungdom inn i landbruket er eit samarbeid mellom Natur og Ungdom (NU), Norges Bygdeungdomslag (NBU) og Norsk Bonde- og Småbrukarlag (NBS). Frå starten i 1998 har målet med prosjektet vore å auke rekrutteringa til landbruket, busetjinga på bygdene og legge til rette for lokal, miljøvennleg matproduksjon og ressursbruk i Noreg.

Ei undersøking frå Landbruks- og Matdepartementet i 2005 viste at 200 000 nordmenn kunne tenke seg å flytte til eit småbruk. I 2008 hadde dobbelt så mange, 400 000 nordmenn, eit ønske om å kjøpe eit småbruk¹. Dei som ønsker å flytte til eit småbruk er ofte unge, ressurssterke menneske i etableringsfasen, som ser føre seg å kombinere landbruk med anna arbeid. Samstundes ligg det meir enn 31 000 ledige gardsbruk rundt om i landet som ikkje kjem ut på marknaden for sal eller utleige.²

Etter 18 år med eit nasjonalt prosjekt viser det seg at rekrutteringa av ungdom inn i landbruket framleis er ei stor utfordring. Opp mot 70 % av dei sysselsette i landbruket er over 40 år³. Erfaringar viser at det gjerne er eldre menneske som tar over gard og at det i størst grad er menn som er sysselsett i landbruket. Ungdom vel bort landbruket til fordel for andre næringar.⁴

Det var denne problemstillinga prosjektet ville løyse, og i år 2000 blei derfor nettsida www.gardsbruk.no starta opp – ein møteplass for kjøparar og seljarar av ledige landbrukseiendommar.

¹ Synovates Norsk Monitor for regjeringen; http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/aktuelt/nyheter/2008/apr_08/bosetting-nar-400000-onsker-a-kjope-smab.html?id=506898, publisert 08. april 2008, henta frå hjemmesiden 31. august 2008

² <http://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/statistikker/laciby/aar>, år: 2014

³ <http://www.ssb.no/emner/06/01/regsystab-2010-06-15-08.html>


⁴ <http://www.ssb.no/emner/06/01/yrkeaku/tab-2009-02-11-05.html>

Aktivitetar i 2016

Gardsbruk.no

Nettsida Gardsbruk.no er ein sentral del av prosjektet, og den viktigaste møteplassen for kjøp, sal og utleige av gardsbruk i Noreg. Sidan oppstarten av prosjektet i 2000 anslår me at nesten 2500 gardsbruk har vore annonsert gjennom nettsida, og halvparten omsett.

Nettsida har både godt med besøkande og mykje respons. Kvar månad blir det lagt ut nye gardsbruk for sal, og det blir også seld gardsbruk kvar einaste månad. I tillegg er kategorien «Ønskes kjøpt» veldig populær. Gardsbruk.no har til eikvar tid mellom 80 og 200 ledige gardsbruk og «Ønskes kjøpt»-annonser. I løpet av 2016 fekk me rapportert inn at 39 gardsbruk var blitt seld eller leigd ut gjennom nettsida, som vist i figur 1.



Figur 1: Selde og utleigde gardsbruk via gardsbruk.no i 2016. Det er eitt av desse gardsbruka som blei utleigd, resten blei seld.

Ei utfordring ved nettsida er at annonsørane ikkje har moglegheit til å endre, redigere eller slette annonsane sjølv. Å få på plass slike funksjonar ville kravd ein del midlar prosjektet ikkje har. Det betyr at prosjektleiar bruker tid på å endre annonsar, etter ønske frå annonsørar. Når gardsbruk blir lagt ut for sal, blir dei «datostempla», slik at dei automatisk blir sletta etter eit år med mindre dei blir seld eller annonsør ber om å forlengje annonsen.

Populær nettside

Ved bruk av verktøyet google analytics kan me sjå korleis nettsida blir brukt. Google analytics viser at det er rundt 20 000 besøk kvar månad. I april 2016 var det til dømes 21 199 besøk på nettsida, kvar økt varte i gjennomsnitt 2 minutt og 59 sekund og om lag 60 % av dei besøkande hadde vore innom sida før. Fluktfrekvensen, altså kor mange som berre trykka seg inn på forsida og ikkje gjekk vidare til annonsar, var på 39 %, mens 61 % dermed gjekk vidare og inn på annonsar.

Det desse tala fortel oss er at nettsida har mange faste besøkande som bruker relativt mykje tid inne på sida. Det er eit teikn på at dei finne det dei leitar etter, i staden for å gå vidare til andre nettsider. 30 % av dei besøkande var inne på sida via mobiltelefon, 15 % via nettbrett.

Det viser kor viktig det er at nettsida er responsiv og tilpassa andre flater enn nettlesaren på datamaskina.

Gode tilbakemeldingar

Kontakten med brukarane av nettsida er avgjerande for at så mange som mogleg skal besøke nettsida, og at den skal vere så brukarvennleg som mogleg. Me sender framleis ut evalueringsskjema til alle dei som kontaktar oss for kjøp og sal. Det er ikkje så mange som svarer på skjemaet, men dei tilbakemeldingane me får på nettsida er dei som bruker den er fornøyde med eit gratis og brukarvennleg annonseringstilbod som gardsbruk.no.

Fleirtalet av tilbakemeldingane viser til at annonsering via gardsbruk.no har vore avgjerande for salet av garden. På spørsmål om kor stor grad har gardsbruk.no har vore til hjelp svarer ein person «*Den har vært til meget god hjelp, fikk stor pågang av interesserte.*». Ein annan skriv: «*Til stor hjelp. Kjøperen fant oss gjennom deres nettside.*». Ei siste seier: «*Det kom like mange interessentar via gardsbruk.no som via finn.no. Dei som kjøpte til sist fant oss via gardsbruk.no*».

Nettsida finn.no har også mange treff på landbrukseigendomar, men ein viktig skilnad på dei to nettsidene er at gardsbruk.no set som krav på alle eigendomar som blir lagt ut at det skal vere mogleg å drive landbruk på dei. Eit minstekrav for å legge ut annonse er 5 dekar fulldyrka mark, eller 25 dekar produktiv skog. Det gjer at gardsbruk.no utelukkande tilbyr det som mange leitar etter: nemleg eigendomar å drive landbruk på. At det er gratis og annonsere er også viktig, noko som også blir trukke fram av dei som bruker sida.

Fleire annonsar

Det er eit stort potensiale for å få annonsar for gardsbruk på sida. For å få fleire annonsar har mellom anna prosjektleiar tatt kontakt med annonsar som har lege på finn.no og spurt om dei også vil legge den på gardsbruk.no. Det har fleire av dei kontakta annonsørane sett pris på og nytta seg av.

Prosjektleiar har sidan 2015 hatt kontakt med regionrådet for Nord-Gudbrandsdal sitt prosjekt «200 ledige hus», som har tatt kontakt med nesten 400 eigarar av ledige hus og småbruk i Nord-Gudbrandsdal for å legge dei ut for sal. Fleire av eigendommene her blei også lagt ut for sal på gardsbruk.no i 2015, og me har følgd opp dette samarbeidet i 2016 ved å fortsette å legge over annonsar slik at dei ligg på begge sider. Prosjektleiar har også hatt kontakt med «200 ledige hus» for å passe på å ta ned annonsar som blir seld.

«Ønskes kjøpt»

I tillegg til moglegheita til å registrere sals-annonsar på gardsbruk.no har potensielle kjøparar moglegheita til å legge ut annonsar for gardar dei ønsker å få kjøpt. Denne ordninga blei lagt til i 2009, og i 2016 er det blitt lagt ut mange hundre nye annonsar frå folk som er på jakt etter gard. Det er kome nokre få tilbakemeldingar frå nokon av dei som leitar etter gard, og som har lagt ut annonse under «ønskes kjøpt». Tilbakemeldinga viser at det dessverre berre er nokre få som har fått kjøpt eller leigd gardsbruk gjennom annonseringa under «ønskes kjøpt». Grunnen til dette er todelt: 1) Det er fleire som ønsker å kjøpe gardsbruk, enn det som ligg for sal. 2) Dei som ønsker å kjøpe eit gardsbruk, ønsker seg ofte dette innanfor ein spesiell region, noko som gjer at dei ikkje er så veldig flyttbare etter kor det er ledige gardsbruk.

Annonsering på facebook

Sidan 2015 har nye annonsar blitt framheva på facebook-sida til gardsbruk.no, ved at det har blitt posta eit bilete av det annonserte bruket med lenke til annonsen. Dette har me fortsett med i 2016. Gjennom Facebook sin statistikk veit me kor godt dette slår an: Kvar billete blir vanlegvis sett av mellom 1000 og 4000 personar ifølge statistikken til facebook, og 50 – 100 personar går inn på nettsida som følgje av dette. Det kunne vore mogleg å betalt Facebook for å målrette annonsar, men det har ikkje prosjektet moglegheit til å prioritere pengar til. Me får likevel relativt god spreing av annonsane, noko som viser at folk har stor interesse.

Enkelte bruk er så populære at de blir sett av endå fleire, eit døme er eit mjølkebruk i Røldal som nådde nesten 40 000 personar kor 1800 gjekk inn på nettsida. Eigarane av bruket endte også opp med å selje det til ein av dei, og sette stor pris på hjelpa dei hadde fått gjennom nettsida og facebook-sida til prosjektet.

Natur og Ungdoms årskonferanse

Prosjektleiari hadde ansvar for å planlegge og gjennomføre programmet til ei av gruppene på Natur og Ungdoms årskonferanse i Oslo den 8. - 10. april. Ei gruppe på 12 ungdommar frå alle delar av landet blei kjent gjennom fagleg og sosialt program.

Program:

Fredag 8. april

1930: Appell - Kvifor er norsk jordbruk viktig? ved Gaute Eiterjord. Appellen var på tre minutt, som ein del av fleire innlegg om aktuelle miljø saker.

1945: Pause

2000: Innleiing: Norsk jordbruk og jordbrukspolitik/ved Gaute Eiterjord. Fortalte også om prosjektet Slipp oss til – ungdom inn i landbruket.

2045: Verkstad med buttons og bannermaling

2130: Ferdig for kvelden

Laurdag

1030: Kvifor er jordbruket viktig for kulturlandskap og pollinerande insekt? ved Andrea Sofie Aasvang, Samarbeidsrådet for biologisk mangfold (Sabima).

1115: Avreise til Oslo sentrum

1200-1600: Rebus, jordbruksgruppa løyser forskjellige oppgåver saman

1600: Middag: Hønsesuppe. Det blei lagt vekt på å bruke høns ettersom mange høns blir kasta og konferansen ønskte å sette fokus på god ressursbruk.

Natur og Ungdoms sommarleir

På Natur og Ungdoms sommarleir på Knattholmen hadde prosjektleiari ansvar for å planlegge og gjennomføre eit opplegg over fleire dagar for ei gruppe som ville lære om jordbruk. Det var 23 norske ungdommar på gruppa, i tillegg til 11 ungdommar frå Natur og Ungdoms russiske systerorganisasjonar i Murmansk og Arkhangelsk. Det var både fagleg og sosialt program. I etterkant blei det sendt ut meir informasjon om temaene som blei diskutert til dei som deltok på gruppa.

Program:

Torsdag 28. juli

10:30 - Presentere programmet og bli kjent-leikar

11:00 – Jordbruk WTF. Innleiing om kvifor Natur og Ungdom arbeider med jordbruk og rekruttering ved Esten Segbø Løvaas, leiar i Hedmark Natur og Ungdom

12:00 – Ferdig

12:30 - Ferdig

Fredag 29. juli

09:30 – Korleis skal verda fø 9 milliardar på ein berekraftig måte? Innleiing ved Aksel Nærstad, seniorrådgivar i Utviklingsfondet

10:30 – Rekruttering til landbruket. Innleiing ved Torstein Klev, nestleiar i Norges Bygdeungdomslag.

11:15 – Spørsmål og diskusjon, verkstad med bannermaling

12:00 - Ferdig

Søndag 31. juli

09:30 – Kvifor er det norske jordbruket viktig for kulturlandskapet og dei pollinerande insekta? Innleiing ved Anna Blix, biolog og rådgivar i Sabima.

10:30 – Avslutning: Nokre siste tankar frå deltakarane og diskusjon om korleis ein kan arbeide med jordbruk i lokallag

11:00 - Ferdig

Grønt Spatak for naturmangfaldet

Prosjektleiar planla og gjennomførte eit tur til setra Olestølen i Valdres 26.-28. august for fem andre ungdommar, som i løpet av helga fekk lære om gards- og stølsdrift. Dette blei gjort i samarbeid med prosjektet «Grønt Spatak», men prosjektleiar i Slipp oss til stod for planlegging og gjennomføring. Gjennom praktisk arbeid med å fjerne einer frå gjengrodd beitemark fekk deltakarane også lære om korleis ein kan hindre attgroing av kulturlandskapet og stanse tap av naturmangfaldet. Dei fekk i tillegg vere med på mjølking og anna gardsarbeid, og deltakarane fekk innblikk i gardslivet og diskutert rekruttering. Turen fekk oppslag i Avisa Valdres.

Lokallagspakke

I 2014 blei det lansert ei "lokallagspakke" for prosjektet. Lokallagspakka ligg på Norsk Bonde- og Småbrukarlag si nettside. I denne pakka står det godt forklart korleis ein kan jobbe med rekruttering i lokallaget sitt, kartlegge ledige gardseigendomar og få dei lagt ut for sal. Denne pakka er retta mot lokallag i alle organisasjonane som er med i samarbeidsprosjektet, og det blir oppmoda til samarbeid mellom organisasjonane. Prosjektleiar har i 2016 sendt pakka til enkelte lokal- og fylkeslag som har vore interesserte, og i tillegg bistått med svar på spørsmål.

Tilbod om faddarar

I fleire år har prosjektet forsøkt å få på plass ei «fadderordning» for nye bønder som treng praktisk og innleiande kunnskap til å kjøpe eller overta gard. I det lokale prosjektet i Valdres er ein nå i gang med ei slik fadderordning, som forhåpentlegvis vil gi gode erfaringar som kan vidareformidlast. Prosjektleiar i Slipp oss til hjelper for øvrig unge bønder som tar kontakt, ved bl.a. å vidareformidle kontaktinformasjon, og gi råd om til dømes utdanning og finansiering.

Oppfølging av fylkesvise prosjekter

Mot slutten av 2016 kom det på plass eit aktivt fylkesprosjekt for busetjing på ledige gardsbruk i Vang og Vestre Slidre⁵. Prosjektleiari har frå sentralt hald bistått med å spreie informasjon på nettsida og facebook-sida, og vore ein kontaktperson. Også i Nordland har eit lokalt prosjekt vore under utvikling i 2016, som prosjektleiari har vore i kontakt med og bidratt med innspel og tidlegare prosjektplanar. Gjennom gardsbruk.no kan dei lokale prosjekta enkelt få ein kanal å promotere ledige gardsbruk på.

Fylkesprosjekta arbeider opp mot kommunar og tar direkte kontakt med eigarar av bruk utan fast busetjing. Arbeidet opp mot kommunen er svært viktig, då det er avgjerande å ha med kommunen på laget.

Materiell

Prosjektet tilbyr gjennom gardsbruk.no to handbøker. Éi for kommunar («Bruk mulighetene») og éi for enkeltpersonar («Bruk for deg»). Begge kan tingast på nett, elles så er «bruk for deg» tilgjengeleg for gratis gjennomlesing på nett. I 2016 har 48 personer bestilt «bruk for deg». Mange kommunar har og tatt kontakt og fått tilsendt «Bruk mulighetene». I 2016 gjekk me tom for opptrykte hefte av Bruk for deg, og me har endå ikkje trykt opp nye ettersom me vurderer å oppdatere teksten. Prosjektleiari ønsker å finne tid til dette i 2017, men det vil også krevje pengar.

I 2015 blei det utarbeidd ein rettleiar⁶ for kjøp og sal av landbrukseigendomar, som prosjektleiari har promotert på nettsida og facebook. Den har også blitt sendt til folk som har spurt om hjelp med kjøp og salsprosessar. Rettleiaren har også blitt spreidd i 2016.

Arbeidsmetodikk

Prosjektleiari har ansvaret for drift av prosjektet, nettsida gardsbruk.no, samt søknadsarbeid og rapportering.

Det er prosjektleiari, i samarbeid med samarbeidsorganisasjonane, som tar avgjerder undervegs for prosjektet. Det har vore eit mål for prosjektleiari og ha mest mogleg kontakt og støtte frå samarbeidsorganisasjonane. Derfor har det vore eit par fysiske møte undervegs i året, og kontakt på telefon og e-post.

Overføringsverdi

Det er ingen tvil om at det er mange hinder på vegen for å få eit bruk ut for sal eller utleige. Mange har, naturleg nok, sterke kjenslemessige band til garden sin. Å selje eller leige ut eit gardsbruk kan vere eit stort steg å ta. Tradisjonelt har det vore eit mål å halde garden i slekta, og dette er fortsett eit sterkt ønske hos mange. Samstundes har mange eit anna overordna mål: At garden skal drivast vidare. Desse to ønska lar seg ikkje alltid foreine. Då står ofte valet mellom å gjere garden til ein feriestad for slekta, eller til bustad og arbeidsplass for nye menneske.

Å opplyse eigaren om kor viktig gardsbruket er for busetjing i bygda, er viktig. Informasjon, rådgiving og diskusjon er nytte – og kanskje undervurderte – verktøy for å få ledige gardsbruk ut for sal. Ofte kan det å vise interesser for eit gardsbruk setje i gang prosessar som ender opp med at bruket blir seld.

⁵ Gardsbruk.no, «Rekrutteringsprosjekt i Vestre Slidre og Vang» 9. desember 2016
<http://gardsbruk.no/aktuelt/rekrutteringsprosjekt-i-vestre-slidre-og-vang>

⁶ Gardsbruk.no, «Veileder ved kjøp og salg av eiendom» 28. september 2016
<http://gardsbruk.no/aktuelt/veileder-kjop-og-salg-av-eiendom>

Oppsummering

Målet med prosjektet er å auke busetjinga til norske bygder samstundes som me aukar rekrutteringa til landbruket. Dette er det same målet me har hatt sidan 1990. Dette er eit mål som ikkje kan målast frå år til år om me har oppnådd. Men i løpet av 2016 har prosjektet gjennomført fleire tiltak som dreg i retning av det overordna målet.

Økonomi

Landbruks- og Matdepartementet og Norsk Bonde- og Småbrukarlag hadde i perioden 2013 til 2015 ei treårig avtale om finansiering, som etter 2016 har blitt for eitt år av gongen. Arbeidet i 2016 blei finansiert med tilskott frå Landbruks- og matdepartementet, annonsar, sal av materiell og tilskott frå Gjensidige. I 2016 har me hatt inntekter på 302 050, kor 252 500 var tilskott frå LMD. Me har hatt utgifter på 301 907 kroner. Sjå vedlagt rekneskap.

Tilsette i prosjektet i 2016

Prosjektleder: Gaute Eiterjord

Slipp oss til / Gardsbruk.no

Norsk Bonde- og Småbrukarlag

	2016	2015
Inntekter		
Gardsbruk. No		
Salg av matriell	9 550	8 200
Annonser på Gårdsbruk.no	15 000	
Tilskudd fra Gjensidige	25 000	25 000
Annonseinnt.		
Slipp oss til		
Landbruks-og Matdep	252 500	252 500
Sum inntekter	302 050	285 700
Kostnader		
Lønnskostnader	219 735	211 699
Reiser og møter	6 357	6 861
Porto	2 153	1 674
Administrasjonsutg.	63 188	54 700
Internettutg.	<u>10 474</u>	<u>10 945</u>
Sum utgifter	301 907	285 879
Resultat	143	-179

